

Utkast

Referat, styremøte 31. aug 2015

Tid og stad: Oslo, Hotel Scandic Byporten, kl. 10.00-16.00.

Tilstade: LLP: Tom Oddby, Cecilie Lintoft, Mads Langnes, Petter Høiaas, Karin Gjelsten, Ole Martin Rønning, Iselin B. Nerland (kl. 12.00-15.45), Inger Lene Nyttिंगnes (organisasjonssekretær/ref).

Riksarkivaren: Bjørn Bering.

Ikkje tilstade: Elin Østevik.

Sak 7/2015. Godkjenning av referat frå styremøte 13. april 2015

Referatet vart godkjent.

Sak 8/2015. Rekneskap

Organisasjonssekretær orienterte. Rekneskapet ligg pr. 31. juli i eit negativt resultat på kr. 33 446. Underskotet har samanheng med at landsmøtekonferansen 13.-14. april gjekk kr. 55 000 i underskot. Det vart lagt fram tilråding om at underskotet frå landsmøtekonferansen vert dekkja inn av LLP sitt fond.

LLP sitt styre godkjente rekneskapet.

Sak 9/2015. Oppfølging av saker frå Arbeidsutvalet

Tom Oddby orienterte om AU sine tilrådingar om styrevedtak. Styret fatta vedtak om følgjande:

9.1. Styret fatta vedtak om at underskotet i samaband med landsmøtekonferansen vert dekkja av midlar frå LLP sitt fond, og at pengar vert overførte frå fondet til administrasjonsrekneskapet.

9.2. Styret vedtok at leiar og nestleiar representerer LLP på ICA-konferansen på Island 28.-29. september.

9.3. Styret vedtok at organisasjonssekretær deltek på KAI-konferansen i Arendal 16.-17. september.

9.4. Styret vedtok at LLP sine representantar i Samdok sine delprosjekt, og organisasjonssekretær, deltek på Samdok-konferansen på Gardermoen 11.-12. november.

Sak 10/2015. Orienteringssaker

Orienteringssaker frå Riksarkivaren

Nye midlar til prosjekt- og utviklingstiltak skal lysast ut og det er oppe til vurdering om ein skal lyse ut meir langvarige prosjekt som har varigheit inntil tre år.

Det er og oppe til vurdering om ein skal lyse ut til prosjekt med meir breie rammer eller om ein skal ha eit meir spissa satsingsområde, til dømes oppfølging av tiltak innan rammene av Samdok. Det er fordeler og ulemper med begge alternativ. Ved å lyse ut breitt vil mange bli avvist som eit resultat av den begrensa utlysingssummen. Ved å lyse ut smalt vil det truleg gje få søkjarar, noko som kan oppfatast som at behovet for midlar ikkje er så stort.

Riksarkivaren ønskjer innspel frå LLP om kva som er ønskjeleg. Nye midlar kan lysast ut allereie i haust, eller tidleg på nyåret. Dei kan ikkje delast ut før overskotet for Norsk Tipping er klart.

LLP sitt styre vil diskutere saka og sende ei tilbakemelding til Riksarkivaren.

Orienteringssaker frå LLP

1. ODA sitt årsmøte i Danmark 29.-30. oktober. Tom Oddby deltek.

2. Prosjekt fylkeskommunal administrasjonshistorie. Prosjektet har stått stille på grunn av tidsmangel frå prosjektgruppemedlemene. Dette har ført til at Inge Strand, som skulle skrive artiklar i prosjektet, har teke andre oppdrag. LLP sitt styre ønskjer at Inge Strand skal skrive artiklar og vil difor vente til Strand har mogelegheit til å kunne utføre dette arbeidet. Kulturrådet skal varslast om at midlane vil overførast til neste år. Oddby har vore i kontakt med Anne Mette Dørum i KS, som vil følge opp i samand med arbeidet for å finne kulturmidlar til prosjektet.

3. ABM-media. Ole Martin Rønning orienterte om at det ikkje var haldt møter i perioden.

4. Revisjon av arkivforskrifta. Tom Oddby orienterte. Openheit, innsyn og ei mindre detaljert arkivforskrift har vore LLP sine innspel. Det er og beklageleg at presseforbundet ikkje er tekne inn i arbeidet. Eit meir systematisk samsvar mellom forskrift og lov må vere eit mål.

5. Møte i Kulturdepartementet 12. august. Tom oddby og Cecilie Lintoft orienterte. LLP har sendt departementet eit oppfølgjingsbrev etter at møtet fann stad 12. august. Det har no kome svar frå KUD. Styret gjekk gjennom og diskuterte brevet. KUD viser i stor grad til midlar som er løyva til statleg sektor for å understøtte sine påstandar om at arkivsektoren har fått auka løyvingar dei siste åra. Brevet stadfestar likevel nedgangen i ikkje-statleg sektor. Det vart semje om at LLP skal sende eit kort brev for å kommentere brevetts innhald. Organisasjonssekretær skal utarbeide eit forslag til svarbrev og sende til Tom.

6. Styreleiar sine tilsettingsforhold. Oddby arbeider for LLP i tillegg til ordinær arbeidstid ved Drammen byarkiv og skriv timar for dette. Han mottok fast månadsløn frå LLP.

7. Historielagsundersøking. Samarbeid med Landslaget for lokalhistorie. Mads Langnes orienterte. LLH har sett i gang ei undersøking der målet er å kartlegge historielaga sine samlingar, mellom anna arkivbestand, og ønskjer hjelp frå LLP med kvalitetsikring av den arkivfaglege delen av undersøkinga. Mads har hjelpe med nokre grunnspørsmål, men undersøkinga vil bli større i neste runde. Den arkivfaglege delen vil då bli meir omfattande.

8. Samdok. a) Tom Oddby er med i styringsgruppa som representant for LLP. Cecilie Lintoft er vara. Alle beslutningar forankrast hjå Riksarkivaren. Gruppa skal ivareta det strategiske aspektet i Samdok, og det er Riksarkivaren som stiller med midlar og har beslutningsmyndigheiten. Neste styringsgruppemøte finn stad i november. **b)** Karin Gjelsten er representant i delprosjektet for e-forvaltning. Det har vore ein del misnøye i gruppa grunna i ei oppleving at det var lite framdrift i gruppa. Møta har og vore prega av stort forfall. Kritikken er teken til følgje. Synne Stavheim er nyleg tilsett som prosjektleiar. **c)** Tom Oddby er representant i delprosjektet for kommunale arkiv. Det har vore ei god gruppe, men den har vore prega av litt mykje fråver.

9. Arkivdagen. Karin Gjelsten og Marit Hosar er LLP sine representantar til Arkivdagen. Det er halde eit møte med Arkivverket i juni måned. LLP sine medlemmer har gjeve tilbakemeldingar om at det er ønskjeleg at LLP engasjerer seg i samabnd med Arkivdagen. Bjørn Bering kunne melde at Arkivverket kan ikkje opprette nokon nettstad eller utarbeide brosjyrer for arrangementet, men det vil opprettast ei facebookside. Det vil her i stor grad avhenge av at institusjonane sjølve bidreg med stoff.

10. Kulturrådet sin årskonferanse. Det var semje om at LLP bør delta med ein representant. Tom Oddby eller Mads Langnes er aktuelle for deltaking.

Sak 11/2015. Prosjektet «KAISA» og LLP si vidare deltaking

Tom Oddby orienterte. Han har delteke på møte 14. august. Bergen Byarkiv har koordineringsansvar for prosjektet, og Ragnhild Bjelland er nyleg tilsett for å halde fram som prosjektleiar for ein ny periode, i første omgang fram til jul. LLP ser prosjektet som viktig for medlemene, og det blir difor vurdert som viktig at LLP er deltakande. LLP si rolle bør vere konsentrert om å stille viktige spørsmål, vere pådrivar for ein riktig retning av prosjektet, vere samlande og bidra til strukturering. Kven som skal vere LLP er ikkje avklart, men Tom Oddby har sagt seg villig til å ta oppgåva.

Sak 12/2015. Kostra: Kommune - Stat – Rapportering

Kostra er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev styringsinformasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Kommunane og fylkeskommunane rapporterar inn rekneskapsinformasjon til SSB. Kostra vert brukt av forvaltninga og kulturstyresmaktene i arbeidet sitt og er ofte reiskapet for å måle kultur-Noregs tilstand og andre utgreiingar. Arkiva er ikkje synlege i systemet, men ofte skjulte under administrasjonsposten, noko som fører til at arkiva framstår som kostnadsfrie i systemet. Administrasjon er og i stor grad gjenstand for kutt. Det er særleg viktig å få skilt ut depotfunksjonane – bevaring og formidling av arkiv – som er ei lovpålagt oppgåve. Slik situasjonen er i dag er denne funksjonen ikkje målbar.

Organisasjonssekretær skal arbeide med utgreiingar knytta til korleis LLP kan arbeide med dette framover, og finne vegar inn. Det kan vere aktuelt å be om eit møte med Kostra, og det kan vere aktuelt for LLP å finne samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Sak 13/2015. LLP fyller 30 år i 2016

LLP vart stifta 6. september 1986 og fyller 30 år i 2016. Styret diskuterte ulike muligheiter for ei markering. Ein kom fram til at ein i første omgang vil undersøkje mulegheiten for om ein kan halde ei markering under Samdok-konferansen i 2016. Cecilie Lintoft skal undersøkje dette.

Sak 14/2015. Fotoarkivet etter Bergens Tidende

Nasjonalbiblioteket har sikra seg fysisk avlevering av Bergens Tidende sitt fotoarkiv. Arkivet har stor lokalinteresse og Nasjonalbiblioteket har sikra seg arkivet utan å gå gjennom det fylkeskoordinerande leddet, verken med informasjon eller med dialog. Det vert og reagert på at arkivet no vert delt, då BT er medlem av Lokalhistorisk arkiv i Bergen. Det vert slik sendt eit signal om at dei nasjonale aktørane kan ta ut dei delane av arkivet som dei ønskjer, og redusere fylkesarkivet si rolle eigen region. LLP avventar kva som skjer vidare, og vil då vurdere om dette er noko ein bør arbeide vidare med.

Sak 15/2015. Bevaring av digitalt skapte privatarkiv

Ole Martin Rønning orienterte.

Det har vore påpeikt frå Svein Harberg i Familie- og kulturkomiteen på Stortinget, at ein saknar eit samla arbeid for digitalt skapt arkivmateriale. I etterkant av dette utarbeidde ein tilsett ved Arbark eit skriv med initiativ til å opprette eit tiltak for eit samla arkiv-Noreg der ein arbeider med løysingar for ustrukturerte data. I mellomtida har Samdok oppstått. Planen er å lage rettleiingar, utarbeide produksjonsløyper og opplastningsløysingar. Samdok har og løyva midlar til eit pilotprosjekt knytt til metodikk for hausting og langtidslagring som skal prøvast ut. I tillegg har 4 institusjonar fått utviklingsmidlar til utprøving av metodikk. Viktig at desse vert knytte saman. Ole Martin Rønning følgjer opp denne saka.

Sak 16/2015. Asta

Saka vart utsett til 1. september.

Sak 17/2015

- Kulturrådet har meldt at dei ikkje lenger ønskjer å nytte seg av sin observatørrett til LLP sine styremøter. LLP beklagar dette og ønskjer å gje tilbakemelding til Kulturrådet om deira viktige rolle og ansvar på kulturfeltet. Mellom anna løyver Kulturrådet sitt kulturvernutval mykje midlar til arkiv. Kulturrådet er ønskja til LLP sine styremøter. Organisasjonssekretær utarbeider forslag til brev.

